NVE

Innsendt dato: 01.12.2021

Referansenummer: NMFKUG

# Innsending av høringsuttalelse

| Informasjonsside | |
|---|---|
| Fortsett med høringsutalelsen | Ja |

| Personopplysninger | |
|---|---|
| Fornavn | DAGFINN |
| Mellomnavn | EIDE |
| Etternavn | HELLAND |
| Adresse | SANDSBRAUTA 8 |
| Postnummer | 4230 |
| Poststed | SAND |
| E-postadresse | dagfinn.helland@haugnett.no |
| Mobilnr. | 41266217 |
| | Ikke angitt |

| Saksopplysninger | |
|---|---|
| NVEs saksnr.: | 201802490 |
| Sakstittel | Ulla Førre utbyggingen - revisjon av konsesjonsvilkår |

| Høringsuttalelse | |
|---|---|
| Høringsuttalelse | Høyringsuttale innsendt av: Marit Marvik, Sandsbrauta 8 , 4230 Sand<br>Dagfinn Eide Helland, Sandsbrauta 8, 4230 Sand<br><br>Marit Marvik er eigar av gnr. 9, bnr. 8 Holmen i Ulladalen Suldal kommune<br><br>Me gir med dette følgjande uttale:<br><br>1. Ulla må få minstevassføring. Elva er i utgangspunktet tørrlagt, men i periodar med nedbør<br>eller snøsmelting er det litt vatn i elveløpet. Elveløpet gror att, og det lille det er att av elve-<br>aure har svært utfordrande levetilhøve sjølv lenger nede i elva enn Holmen. Gardsbruket vårt<br>har ikkje innlagt vatn. Elvevatnet har alltid vore vasskjelda vår. I periodar er med avhengige<br>av å henta drikkevatn andre stader. Uavhengig av kva revisjonsvedtaket medfører, vil me<br>krevja at konsesjonæren ordnar med sikkert vatn til garden vår. Same utfordring har også<br>nabogarden vår gnr. 9 bnr. 10 Lykkja , eigd av Eli Marvik.<br>2. Uavhengig av om det vert minstevassføring eller ei, bør vandringshinder for laksen fjernast<br>slik at laksen kan gå og gyta mykje lenger opp i vassdraget enn i dag. Ved minstevassføring<br>bør dette la seg gjera så langt som til Einarmotjødna øverst i den flate delen av dalen.<br>3. Det er i dag bygd tersklar i elveløpet. Dei fleste tersklane øverst i dalføret held ikkje på vatnet.<br>Det må vera eit minstekrav at dette vert sett på på nytt uavhengig av revisjonsvedtaket. Me<br>må kunne forventa at elveløpet får eit vannspeil sjølv om gjennomstrøyminga av vatn ikkje er<br>så stort. Minstevassføring vil bøta på dett på ein god måte.<br>4. I Suldal er det mange som brukar naturen til friluftsføremål. Ein god del brukar også båt på<br>dei store vatna. I Sandsavatnet bør det etablerast eit båtutsett som kan nyttast med vanleg bil<br>og uavhengig av fyllingsgrad.<br><br>Vonar dei tiltaka me har peika på kan gjennomførast.<br>Beste helsing Marit Marvik og Dagfinn Eide Helland |
| Høringsuttalelse som vedlegg | Ikke angitt |
| | |
| Vedlegg av bilder og kart | |